

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lillian Straumøy Brakstad	FE - 033	16/696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2016	Utval for drift og utvikling	PS	19.04.2016

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Utval for drift og utvikling - 32/2016

UDU - behandling:

UDU - vedtak:

Følgjande tema vart teke opp:

Karina Garnes Reigstad, MDG:

Er det kommunale bygg som framleis har oljefyringsanlegg?

Administrasjonen: Alle oljefyringsanlegg i kommunale bygg er fasa ut.

Kva er status i søknad frå Salar AS om ekspropriasjon av areal/justering av terskel - Rylandsvatnet.

Administrasjonen: Kommunen sin uttale er sendt NVE og kommunen har per dags dato ikkje fått tilbakemelding.

Regjeringa har som mål å redusere utslepp av klimagassar m.m. og kommunane kan i den samanheng søkje om tilskot til ulike tiltak. Kommunane må inn med eigenkapital i tiltak det vert søkt om tilskot til.

Administrasjonen er kjend med ordninga og vil vurdere om det er tiltak det kan søkjast om tilskot til.

Erling Rønnestad, KrF,

- orienterte frå telefonsamtale med kommunen vedk framdrift vassleidning i sjø frå Ådland til Landsvik.

Manglande veglys på lo kai, - kan det setjast opp solcellebasert veglys?

Administrasjonen: Nye veglys må godkjennast via økonomiplanen.

Henriette Fennelly, FrP:

Ved brot på vassleidning på Holme i påskehelga var det vanskeleg å få kontakt med teknisk vakt. Har kommunen rutiner for UMS-varsling til innbyggjarane?

Administrasjonen: Kommunen har teke i bruk UMS-varsling og nyttar dette i ulike høve til varsling av innbyggjarane i heile kommunen eller i delar av kommunen. Kvifor det ikkje vart gjort i dette høvet kan ikkje administrasjonen svare på.